



Martin Førde og Espen Garberg frå Odda bur og fiskar i Uskedalen i helga. Dei fiskar med floge i den nederste delen av elva.

Det er rapportert inn fem fiskar i Uskedalselva fyrste døgeret av fiskesesongen 2017. Fordelinga er 3 laksar og 2 aurar, dei to største på 5,8 kg og 4,3 kg. Fire av fiskane er tekne på Haugland. Uskedalen.no møter Martin Førde og Espen Garberg i Djupehølen, begge frå Odda. Dei fiskar med floge og har kort fram til søndag.

Martin og Espen er røynde fiskarar. Det meste av fritida går med til fiske på denne tida av året. Dei fiskar i Etneelva, Lohneelva på Osterøy og i Årdalselva. Uskedalselva kan vera ei god elv, seier Martin Førde, men nett no vart det litt lite vatn. Han vurderer å dra til Etne for å halda fram med fiske der.

Det er 3. sesongen dei er i Uskedalen. Martin har tilgang til leileghet på Eikelandet. Slik dei ser det, er det mykje fisk i elva. Med floge held dei seg helst nederst i elva, frå Klehølen og nedover mot elvosen.

På heimseida til Uskedal grunn-og elveeigarlag les vi om fiskereglane i uskedalselva. Eit døgnkort kostar kr. 300,- og det er berre 10 kort i bruk på same tid. I tillegg kjem grunneigarkort. Det vert ikkje seld sesongkort. Ungdom under 18 år fiskar gratis, men alle må vera registrerte.

Eim større artikkel i BT tysdag 13. juni handlar om truga villfiskstammer og om stengde elvar i Hardanger. Det gjeld mellom anna elvane i Rosendal. Etnevasstraget og Uskedalselva vert framheva som to gode elvar. Etneelva har til tider vore stengd. Uskedalselva har vore open for fiske heile tida.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal